



Gunnar Danbolt snakka om kunsten som er skapt med bakgrunn i Jesu fødsel.

Uskedal Musikklag skapte julestemning med sine tonar på Rosendal Fjordhotell då meir enn 100 studentar møtte fram til det siste møte i Kvinnherad Senioruniversitet i 2019. Alle kom for å høyra kunsthistorikar Gunnar Danbolt si førelesing om det vi finn av kunst frå ulike tidsperiodar skapt med bakgrunn i Jesu fødsel. Kristen kunst i katakombene med heilagkongane, som leitar etter Jesus, går tilbake til 200 talet.

Julekunst og julebilete har sin bakgrunn i ein austleg og ein vestleg tradisjon. Den austlege er heller statisk i si framstilling av Jesu fødsel, død og oppstode. Den vestleg tradisjonen har alltid vore i endring og gått nye vegar. Merkbart er dette i måten Josef er framstillt, frå å vera ein som står i bakgrunnen og ikkje skjønar det som skjer til å bli meir aktiv og sentral i motivet.

Gotikken på 1100 - 1200 talet er også ei brytningstid der Jesu liv kjem meir fram. Kunstnarane er ikkje berre opptekne av kva som skjedde, men kvifor det skjedde. Private skriftemål og meditasjon gjer at menneske lever seg meir inn i hendinga.



Uskedal Musikklag med sine juletonar og minikonsert på Rosendal Fjordhotell i går. Kjell Borge Olsen på trommer var ikkje med då bilete var teke.

Den svenske helgenen, Birgitta Vadstena, er avgjerande for kunstsynet etter år 1200. Ho har ein klar visjon om Jesu. Det påverkar fødselsbileta i retning slik vi har det i dag med det lysande barnet, i ei krubbe, i eit skur der mange av motiva syner det gamle tempelet i bakgrunnen i forfall.

Meir folkelege motiv på 1800 talet, som til dømes Jesus med blødande sår i snikkarverkstaden til Josef, var omstridde. Mange oppfatta det som på grensa til blasfemi.

Håkon Gullvåg og Håkon Bleken er to norske kunstnarar med utsmykkingar i norske kyrkjer med motiv frå Jesu fødsel.

Gunnar Danbolt avslutta førelesinga si med å sei at jula er den samlande høgtida i året. Jula held seg godt og er for alle uansett religion og livssyn.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal